

---

Saksnr: 2020/98-23  
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.20

## Sti- og løypeplan for Voss herad

Forslag til vedtak

Hovudutval kultur, idrett og integrering tek sti- og løypeplanen til Voss herad til vitande og viser til saksutgreiinga for detaljerte merknader til planen.

## Samandrag

Klima og miljøutvalet i Voss herad gjorde 28. april 2020 (sak 15/20) vedtak om å legge utkast til sti- og løypeplan (datert 31.03.2020) ut til offentlig høyring. Merknader til planutkastet må vera skriftlege og vera kommunen i hende innan 30 juni.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef idrett og friluftsliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Sti- og løypeplan for Voss herad

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fellesnemnda for samanslåing av Voss kommune og Granvin herad gjorde i sak 20/18 vedtak på at det skulle utarbeidast ein sti- og løypeplan for Voss herad. Det er no utarbeida eit framlegg til plan som er lagt ut til offentleg ettersyn.

### Formålet med planen

Sti- og løypeplanen er utarbeida med 3 hovudmål:

- Fremja friluftsliv og folkehelse ved å tilrettelegge tur- og skiløyper i heradet.
- Avvega ulike interesseområde i utmark og utarbeide retningslinjer for bruk av utmarksareala til friluftsliv.
- Prioritera kommunen sin verkemiddelbruk på friluftsliv.

Det vert vist til behov knytt til hytteområde og turisme, samt undersøkingar som viser stor interesse for det enkle friluftslivet. Kommunen vert oppmoda til i endå større grad bruke det kunnskapsgrunnlaget som finnast knytt til folkehelse, fritid og fysisk aktivitet. Gjennom medverknad og fokus på ei breiare brukargruppe vil ein kunne sjå denne planen i samanheng med andre kommunale styringsdokument innan fleire fagområde, som t.d. både helse, skule og idrett og friluftsliv.

### Innhald

Planen gir ei grundig og god oversikt over interesseområde, tilrettelagde løyper og eksisterande stiar/turvegar.

Det er også eit fokus på reiseliv og på nye trendar i friluftslivet. Det vert oppmoda til å ha endå meir fokus på kulturminner og andre aktuelle kunst og kulturfunksjonar som del av utviklinga av friluftslivet. Synergiane av dette vil kunne ha overføringsverdi på tvers av heile kommuneutviklinga.

Det kan vere aktuelt at kommunen implementerer Dagsturhytta som ein del av dette. I tillegg bør rutene som er med i planen meldast inn til nasjonal database for turruter (kartverket). Dette kan gjerast via [rettikartet.no](https://rettikartet.no).

### Konflikt

Det kan vere naturleg at kommunen problematiserer litt kring utbygging av både vind og vasskraft i planen, under kap. 7. Moglege konfliktområde.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval kultur, idrett og integrering

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Planen legg opp til forvalting av sårbare artar og naturområde, samt vurdering av villreinen sin bruk av utmarksareal.

**Folkehelse:** Friluftsliv er viktig i det helsefremjande arbeidet.

**Regional planstrategi:** Vil vere med og oppfylle klima og bærekraftsmål i utviklingsplan for Vestland.

### Konklusjon

Planen gir ei god og grundig oversikt over turrutene i kommunen. Kommunen har lagt til grunn kunnskap knytt til levekår, turisme, hytteutbygging og brukarundersøkingar m.m. Dette gir ei heilskapleg tilnærming til arbeidet med planen. I tillegg koplar kommunen sti og løypeplanen opp mot relevante kommunale og regionale planar.

Fylkeskommunen meiner dette er eit godt gjennomarbeidd dokument som kan vere eit godt verktøy i vidare arbeidet med friluftsliv i Voss herad.